



DEN NORSKE KYRKJA
Bremnes sokneråd

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Lene Fylkesnes Nesse, Hanna Sortland Raknes, Kjersti Mæland, John Olav Habbestad, Åse Innvær, Astrid Farestveit Gane, Margot Totland Laurhammer, Torunn Tveita,

Varamedlemmer:

Geir Ove Sele, Eivind Olsen Engen, Iren Torget, Anne Louise Remø Tveita

Møtestad: Bremnes Kyrkje

Tid: Tysdag 03.12.2019 kl.18.00

Sak 10-01-19: Godkjenning av innkalling

Sak 10-02-19: Godkjenning av møtebok 9 (22.10.2019)

- Merknad til møtebok 9, Torunn Tveita er 1.vara i fellesrådet, ikkje Astrid F. Gane.

Sak 10-03-19: Referatsaker

- Møtebok frå AU 29.10.2019

Sak 10-04-19: Økonomi

Økonomisk status, info frå Hanna.

- Div ynskjer til innkjøp – vil bli sett opp som sak til neste møte.
- Forslag om å avslutte konto for «Bremnes barnekantori». Pengane som står på konto er ynskjeleg å nytta til div. innkjøp. Vil inngå i sak ovanfor til neste møte.

Sak 10-05-19: Gjennomgang av dei ulike utvala.

Trus opplæring, Diakoni, Gudsteneste. Ynskjer at Asbjørn informerer litt om gudsteneste utvalet. Soknerådet ynskjer å ta del i dette utvalet.

- Sak utsatt til neste møte, informasjon frå Asbjørn

Sak 10-06-19: Oversikt komitear

Få oversikt over dei ulike komiteane og fordeling av arbeid mot desse (kyrkjekaffi komité, kreativ teneste-komité, dåpsvertar, kyrkjevertar, videooverføringsgruppe).

Kyrkjevertar: Det er laga nye lister over kyrkjevertar, dåpsvertar, nattverdsvertar

Kyrkjekaffi komité: Komiteen er sjølvgåande – ein bør høyre om det trengst fleire folk med.

Sak 10-07-19: Rydding/Organisering


Div rydding og organisering i kyrkja (sakristi, våpenhus og ferdigstilling av gang på galleriet)

- Forslag om å flytte prestebildene som heng i våpenhuset til ein anna stad i kyrkja.
- Lykter til ute trappa kan kjøpast inn. John Olav høyrer med Jenny Elin.

Sak 10-08-19: Nye komitear

Forslag om å opprette nye komitéar.

- Praktisk arbeidskomité: John Olav ynskjer å opprette ei gruppe som kan planlegge og utføre ein del utarbeid ved kyrkja.
- Ungdoms komité: Opprette ei ungdomsgruppe, John Olav utfordrar Øyvind og Anna Lovise til å engasjere seg.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Sak 10-09-19: Bli kjent

Me er så heldige at me er invitert til Astrid sin butikk (Gullsmio) på blir kjent kveld etter møte.

- Ei kjekk stund i lag med mat, drøs og smykkelaging. Eit flott initiativ av Astrid.

Sak 10-10-19 Møteplan for fyrste halvdel av 2020

- Forslag til møteplan frå Asbjørn vart gjennomgått, og møtedatoar for fyrste halvdel av 2020 sett opp. Sjå eige dokument (Møteplan 2020)

John Olav Habbestad
leiar

Margot Laurhammer
Sekretær